

KIRKEBLAD

FOR

DAVIK

Nr. 59	Utkommer hver måned	August 1935	Utgiver og redaktør: Sogneprest Slaattelid Davik	6. årg.
--------	---------------------	-------------	--	---------

Bønn.

Herre Gud, himmelske Fader! Du som er barmhjertig og tilsa oss ved Kristus, at du ikke vil dømme eller fordømme oss, men nådig forlate oss alle våre synder og gjerne gi oss det vi trenger både til legeme og sjel, vi beder dig, at du ved din Helligånd vil gjøre denne tro på din barmhjertighet viss og fast i våre hjerter, og lære også oss å være barmhjertige mot vår næste, så vi ikke dømmer eller fordømmer nogen, men gjerne tilgir enhver og dømmer oss selv og så lever salig i din frykt. Ved Jesus Kristus vår Herre. Amen.

Ord.

Du møter på jord
en fylking av onde og spottende ord.
De er som en isnende bitende vind
som dreper hvert kjærlighets frø i ditt sinn.
Lukk *aldri* dem inn!

Du møter på jord
en gresshoppesverm av lettsindige ord.
De gnager hvert alvoretts blad av ditt sinn,
så grønneste tre blir en uttørret pinn.
Lukk *aldri* dem inn!

Du møter på jord
en skare av gode og kjærlige ord.
De varmer ditt hjerte og løfter ditt sinn
og hjelper dig ut av bekymringers spinn.
Lukk *alltid* dem inn!

Vår tale.

Legg av all ondskap og all svik
og hyklarskap og ovund og all
baktaling. 1. Pet. 2. 1.

Eg har i eit engelsk blad funne fylgjande
oppskrift for stadder: »Tak eit gram lygn,
ein neve turka ovundsykje, ei teskei med
»seg det ikkje til nokon«, seks dropar rein
vondskap, tvo dropar misunning og tvo dro-

pår misnøgje, — slå heile blandinga gjennom
ein sil av mistyding og ha det opp i ei flaske
av skadefryd; ho vert godt korka og sett
i eit varmt rom, so ho kan gjæra nokre da-
gar. Sidan tek ein nokre dropar kvar gong
ein går ut til sine kjenningar.«

Eg vilde byrja med denne uppskrifta når
eg no vil tala um det siste ordet i teksten:
baktaling. Det er eit stygt ord, so stygt at
folk ugjerne tek det i munnen. Ein kvider
seg for å åtvare mot baktaling, for tenk
berre um folk skulde tru at ein rekna dei
for å vera baktalarar. Og endå mindre vil
ein ta inn over seg ei formaning um denne
synd, for tenk berre um ein vart nøydd til
å døma seg sjølv som ein baktalar. Men —
Guds ord lyt ein tola, ogso ordet um bak-
taling.

Kva er då baktaling? Det er å seia noko
vondt um ein annan bak hans rygg, d. v. s.
soleis at han sjølv ikkje veit um det. Kvi-
for gjer ein det? Ofte beint fram av vond-
skap, fordi ein *vil* skada den som talen er
um. Ofte fordi ein ynskjer å ha noko in-
teressant å fortelja og der er jo, som vi
veit, ikkje noko som er so forvitneleg å
prata um som dei feil og misstak vi finn
hjá vår næste. Ofte og av stygg gamal
vane og i tankeløyse. Finst ikkje slikt her
hjá oss? Treng vi ikkje Herrens formaning
her?

Det var i ein heim, at ein av dei yngre
i huslyden stundom ved middagsbordet
krydra maten med å fortelja um andre slikt
som ikkje var godt. Stova var brukt til
skulerom for borna og det hang ei tavle på
eine veggen. So tok husfaren og skreiv øvst
uppe på veggtavla med store bokstavar:
»Har du ingenting godt å segja, so kan du
tegja.« Det hjelpte — ikkje berre den eine.
For det var merkelek korleis desse fydelege

ord hadde innverknad på alle som gjekk inn og ut i denne heimen. Kanskje kunde ei slik innskrift vera på sin plass i andre heimar og! Korleis vilde vi vel tala um andre, dersom vi alltid prøvde å snakka um dei like unsynsfullt som vi vil at dei skal snakka um oss? Men det er jo det Jesus seier vi skal gjera. Og kor stygt, kor ufint er det ikkje — når vår næste ikkje er tilstades, bak hans rygg, å tala nedsetjande um han! Den som baktalar andre, brukar den munnen som vi skulde tilbede Gud og velsigna menneskje med, i den vonde, i Djævelen si teneste. Difor er det um å gjera at vi her er strenge og påpasselege med oss sjolve. Lat oss prøva å halda tunga vår i age!

Å, um vi åtte noko av Kristi heilage, milde, varme kjærleik. Kor varsame vilde vi ikkje då vera når vi tala um eit medmenneskje, og kor taktfulle og noble når vi tala til han!

»Skjenk mig, o Gud, det deiligste jeg vet: et hjerte, fullt av Kristi kjærlighet.« Amen.

Frå »B. og H.«

Eit ord til dei unge.

Ungdomstida er den fagraste tid i eit menneskeliv. Den vert ofte samanlikna med sumaren i naturen, då alt liv har vakna og blomar og fuglane syng og prisar sin skapar. Men som ungdomstida er den fagraste, ljosaste og mest stemningsrike tid, so er ho og den mest ålvorlege, for da set me vår eigen kurs, og slik som ein då set kursen, vil den oftast halda fram. Alt i barndomen, men serleg då i ungdomsåra vaknar det i hjarta ei djup lengsle. Ein lengtar, men ein veit ikkje kvifor ein lengtar og kva ein lengtar etter. Denne lengsla er noko av det finaste i ei menneskjesjel, fordi den er nedlagt av Gud. Den kjennest som ein brand som må stettast. Når den vaknar, må ein gjera eit val: med eller mot Kristus. Her skil ungdomen seg i tvo flokkar. Båe leitar etter livslukka, men på ulike stader. Den eine finn den, og den andre ikkje. Den eine flokken set kursen burt frå Gud. No kjenner ein seg fri og skal verkeleg prøva livet. Lengsla må stettast. Men på denne vegen får ein den ikkje stetta, men ein kan døyva den. Ein drikk av dei ureine kjelder i fulle

drag, men etterpå er ein tom og sår. Samvitet anklagar. — Nei, der fann eg ikkje livslukka! — Kjenner du deg att? Den som fyrst tek til å drikk av syndestaupet, vil gjerne ha meir. Og lengsla etter det gode vert kvalt av synderusen. Difor, du unge! Drikk av livsens kjelde i staden for av syndestaupet. Då skal du verta fri og glad.

Det er ikkje alle som tek ut på den fårlege ferda burt frå Gud med den tanke å halda den kursen heile si ungdomstid. Dei vil berre fyrst prøva synda og sidan gjeva seg til Gud. Prøv ikkje dette! For Satan er ikkje snar til å sleppa den han har fått tak i. Og burte frå Gud finn du berre syndig moro, men ikkje fred og livsglede.

Kom med i den ungdomsflokken som set kursen mot himmelen. Desse leitar ikkje etter livslukka, for dei har funne den, ikkje ute i synda, men uppe ved Golgata. For deira kurs er Golgata utgangstaden og himmelen er målet. Dei går mot målet med lov-song: »Kven kan seia ut den glede — å få vera Kristi brud, — gå med krans og kvite klæde — heim til himmelen, til Gud.« Dei har grunn til å sjå ljost på framtida, for han som har all makt i himmelen og på jorda, er med. Lukkeleg er den ungdom som har valt å fylgja ungdomens frelsar.

Som eit bevis på dette kan vi høyra etter kva dei seier som har prøvt livet. Mangein ungdom som går burte frå Gud, sukkar tungt i slaveriet under synda. Dei som har prøvt syndelivet og seinare fann Gud, angrar på at dei ikkje fyrr gav seg til han. Ein ny-umvend ungdom sa: »Kor dum eg var, som ikkje såg dette fyrr!« Ingen som har sett kursen mot himmelen angrar det. Lukkelegast av alle er den ungdom som har valt å fylgja frelsaren.

Du unge, kom og ver med! Lat vårt motto vera: Nordfjords ungdom for Jesus.

M. Dragsund.



Våre døde.

7. juni: Anne Petrine Reielsdtr. Endal, kårnkje; f. 1846 på Midthjell; koldbrand.
9. juni: Jørgen Severinsson Årdal, ng. skreddar; f. 1911; hjernebetendelse.
12. juni: Arne Johannesson Ervik, e. gbr.; f. 1875; magebetendelse.

14. juni: Sivert Vemmelsvik, g. fiskar; f. 1865; hjartesyjukdom.
 24. juni: Kari Andersdtr. Lefdal, kärenskje, f. 1852 i Indredavik; alderdom.
 26. juni: Lars Andersson Brobakke, e. kårmann; f. 1854 på Solheim; åreforkalking.
 12. juli: Ole Josefsson Gangsøy, e. kårmann, f. 1854; alderdom.

Allveldige Gud, du råder over alle menneskeliv. 4. Mos. 16, 22.

Notisar.

Døypte: 23. juni Arnliot, f. 17. april av forældre Matias Rasmusson Hole og Anna Larsdtr. (f. Brobakke). — S. d. Solveig Margit, f. 30. mars, Arne Abellsson Myklebust og Oline Olaidtr. (f. Totland). — S. d. Bjørg Kari, f. 17. mai, Kristian Matiasson Nave og Rasmine Olsdtr. (f. Åsnes). — 30. juni: Liv, f. 20. mai, Anders Simonsson Bakke og Emma Severinsdtr. (f. Borgundvåg).

Ektevigde: 6. juli i Davik Peder Kristiansson Kulen (Sjør-Vågsøy) og Marie Paulsdtr. Dombestein. — S. d. i Davik Sigvart Lydersson Reksten (Kinn) og Petra Severinsdtr. Kjøllesdal. — 7. juli i Eid Bernt Knutsson Domsten og Hilda Nilsdtr. Bakke (Hornindal).

Basarar: Rimstad og Maurstad 11. juni til indremisjonen 130 kr. — Endal 2. juli til heidningmisjonen 71.17. — Haus 24. juni til heidningmisjonen 127. — Gangsøy 107 kr. til Kina-misjonen og 35 kr. til indremisjonen.

»Eit teppe, lodda ut til innkome for installasjon av elektrisk ljøs i Rugsund kyrkje, er ved trekning 15. ds. vunne av lodd nr. 50, Aasa Lofnes, Leirgulen.

Davik lensmannskontor, 16. juli 1935.

Olav Rosenlund,
Lensm.flm.«

Givaren av teppet rettar ei takk til alle som har vore med og støtta dette arbeidet.

Til sjukeroktlaget er innkome: Jolelodd: Endal 2 kr. Medlemspengar: Rugsund 12, Kjølssdal 50, Davik 31, Endal 19, Maurstad 2, Hunskaar 5. — Offer: Davik 55.25, Aalfot 40.41, Rugsund 68.45. Maiblomar: Elde 3, Davik 10, Endal 5.30, Maurstad 11.50, Hunskaar 5, Isane 3.60, Rugsund 10, Oldeide 1, Gangsøy 5. Kronerulling: 26. Utlodning av ein duk ved fru Anna Førde, Isane, 15 kr. Basar i Rugsund 104.70.

Henrik Walaker, som døydd i vår, har testamenter 800 kr. til eit fond til hjelp for sjuke i Davik.

Nordfjordlaget i Amerika har gjeve ut eit vakert brev til minne om at det er 25 år sidan laget vart skipa. Næstformann i laget er Ole I. Steen, fødd på Dombestein i 1867; han utvandra til Amerika 19 år gamal. Sekretær i laget er dr. Carl D. Kolset, fødd på Bakke i Rugsund 1876, utvandra i 1893, tok medisinsk avgangseksamen i 1905.

Gudstenester:

9. sund. etter triein., 18. aug.: Rugsund.
 10. sund. etter triein., 25. aug.: Aalfot.
 11. sund. etter triein., 1. sept.: Davik.
 12. sund. etter triein., 8. sept.: Totland.
 13. sund. etter triein., 15. sept.: Rugsund.
 14. sund. etter triein., 22. sept.: Davik.
 15. sept. skal det vera konfirmasjon i Rugsund og 22. sept. i Davik.

For 100 år sidan: Døde: 16. aug. 1835 Brithe Samuelsdtr. Hougs, kårkone, 58 år. — 29. aug. Mons Hansen Rødeggan, gårdmand, 71 år. —

Kvittering for kontingent. Maurstad: Anders E. Nore 2 kr.; lærar Midthjell 3. — Leirgulen: Olaus Lofnes 2.50; Martinus P. Leirgulen 3. — Haus: Hans Haus 2. — Rugsund: J. Fløtre 3; Ivar Nygård 2. — Skatestraumen: Robert Nygård 2, Nils N. Havnen 2.50. — Dombestein: Elisabet Dombestein 2. Davik: Kristian Daviknes, Gustav Sigdestad 2.50; lensmann Rosenlund 4. — Rimstad: J. Runshaug 3. — Kjølssdal: Elise Sundal 1.50. Hennøy: R. Vingelven 2. — Utanbygd: Søster Oline Vingelven, Oslo 3; Marie Lønseth, Sauda, 3.

Hjarteleg takk til alle.

Herre Jesus.

Herre Jesus, lat meg kjenna kvar eg er og ferdast lyt, at di nåde-elv vil renna kvar ei stund og aldri tryt. Denne kjelda i min barn, som kan sløkkja livsens harm og fullenda all mi lukka, til eg aldri meir treng sukka.

Det er tungt i verdi strida og frå syndi venda seg. Du som bar all heimstens kvida, fylg du meg på denne veg. Du som kjende syndetra, men gjekk sigerfull i frå, lat ditt ord meg stendig verja, at ei fienden meg skal herja.

Det er godt ditt barn å vera, høyra Andens leide-råd, viljen din med truskap gjera, skjer det enn med hjartegråt. Næderom hjå deg å ha, sjå, det gjer ein kristen glad, lyset som ei solskinsbåra, som kan doggvåt blome klåra.

J. B.

Godt budskap.

Albert Lunde fortalte engang på et møte: Da jeg for nogen år siden skulde til Amerika, kom en fattig, eldre kvinne til mig og

bad mig så inntrengende om å forsøke å få rede på hennes sønn. Denne hadde først bestjålet sin mor for alt hvad hun hadde, og var derefter rømt til Amerika. På ottende året hadde han ikke latt høre fra sig. »Om jeg får rede på ham, hvad skal jeg da si til ham,« spurte jeg moren. »Si ham at jeg har tilgitt ham alt,« svarte hun dypt beveget. »Er der mere jeg skal si?« »At jeg elsker ham.« »Er der ennu mere?« »At jeg lenges efter brev fra ham.«

Jeg reiste til Boston, den by hvor den unge mann sist opholdt sig, da han lot høre fra sig. I tre dager søkte jeg efter ham, og tilslutt fant jeg det sted hvor han bodde. Bevende begav jeg mig derhen for å utføre mitt erende. Hvorledes vilde morens hilsen bli mottatt?

Jeg traff den unge mann. Vi var fra samme egn og jeg kjente derfor en smule til ham. Jeg talte med ham om et og annet fra hjemlandet; men han syntes helt likegyldig og uberørt, og jeg tenkte ved mig selv, at jordbunden her var alt annet enn fruktbar. Tilsist kom jeg frem med mitt egentlige erende. »Jeg har opsøkt dig,« sa jeg, »fordi jeg har en hilsen til dig fra din mor.« Han fór heftig sammen. »Min mor! lever hun?« »Ja.« »Og hvad hilsen sender hun mig?« »At hun har tilgitt dig alt.« Aldri har jeg sett en så plutselig forandring hos en mann. Han sank næsten sammen. »Var det noget mere du skulde si mig?« »Ja, at hun elsker dig.« — Han skjulte ansiktet i henderne og gråt. — »Sa hun noget mere?« »At hun lenges efter å få brev fra dig.« — Den unge mann var sønderknust, overvunnet av sin mors kjærlighet.

Og just den samme hilsen, tilfoiet Lunde, har Herrens disipler å bringe fra den himmelske Fader til de sjeler som har syndet imot ham, vendt ham ryggen og forlatt faderhuset. Til de betyngede samvittigheter kommer vi med dette budskap: »Gud har tilgitt dig din synd; han elsker dig og han lenges efter å høre fra dig.«

Den kloke mann.

I Kina levet engang en gammel klok mann som folk ofte søkte råd hos, og sjelden forgjeves. En dag kom en bonde til den vise mann. Han hilste dypt og sa: »Jeg

har hatt det meget vanskelig i det siste. Den rike silkehandler Chiang-Kai har kjøpt en aker ved siden av mitt hus, og den akeren vilde jeg gjerne hatt selv. Jeg har fått sådant hat til ham. Han ser så ond og ubehagelig ut, og jeg ønsker ofte at det må hende ham en ulykke. Det blir verre for hver dag. Jeg er ikke glad lenger, jeg tenker ikke på noget annet.« »Godt,« sa den vise, »følg mig og jeg skal hjelpe dig.« Så gikk de begge bort til akeren, som bonden talte om. Den vise sa: »Om en stund får vi regn, og hele akeren ligger full av kostbar silke som han har lagt ut i solen. Den blir helt ødelagt av regnet.« Bonden lo skadefro og fornøiet. Men den vise fortsatte: »Nu skal du ta og samle sammen all silken og bære den i hus. Gjør med en gang som jeg sier.« Bonden hadde svært liten lyst, men måtte lyde. Da han var ferdig, begynte regnet å strømme ned. Da var vismannen gått.

Nogen dager etter kom bonden atter til den vise. »Du skal ha takk,« sa han, »ditt råd var utmerket. Min nabo er blitt helt anderledes. Han er ikke ond lenger, men hjelpsom og vennlig. Du er i sannhet en stor trollmann.« »Du dåre,« sa den kloke mann. »Din nabo er som før, men du selv er forvandlet. Den vise Konfucius har sagt: Hvis du hater et menneske, så gjør godt imot det, og du vil komme til å holde av det.«

Gi ikke.

Gi ikke en blomst, når du bør gi et brød. Gi ikke en formaning, når du bør gi en almisser. Gi ikke et råd, når du bør gi et godt håndslag. Gi ikke et pengestykke, når du bør gi av din tid. Gi ikke et vennlig ord, når du bør gi en ørefik. Gi ikke en skjennepreken, når du bør gi din medfølelse. Gi ikke nedslående kritikk, når du bør gi en oppmuntring.

Tanker om korset.

Den tungeste ende av det kors som i Kristus etterfølgelse er lagt på dig, hviler på din sterke arm.

Jeg beder dig å søke å bli verdig til den milde Herren har med å irettesette dig; ti han sover drar dig og søker å gjøre dig skikket for sin himmel, har en Faders hjerte og en Faders hånd.

Si et ydmykt og avgjort amen til det kors din Herre Jesus legger på dig.